

Høyringsuttale til forslag til ny Folkehelselov – Samhandlingsreformen

Oppland Senterparti meiner at intensjonane i forslaget til ny Folkehelselov er god, men vil påpeike fylgjande når det gjeld kommunane og fylkeskommunane si rolle:

Den nye framtidig kommunerolla er lite konkret i forslaget. Alle er einige om at god folkehelse er viktig, men det er uklart kva for ansvar kommunen skal ha sett i forhold til fylke og stat.

Det er påpeikt at for å oppnå god folkehelse, må kommunen ha auka fokus på samarbeid og samordning med andre kommunar, fylkeskommunar og helseføretak. Vi er einige i at samarbeid er viktig, men hovudoppgåva til kommunen må vere det førebyggjande arbeidet mot den enkelte innbyggjar. Her er det viktig å ikkje ha for mykje fokus på sjukdom og reparering innan folkehelsa, men bruke barnehage og skule som arena for gode vanar og fokus på kosthald og fysisk aktivitet.

Det er viktig at kommunane får økonomi til å fylgje opp dette. Vi meiner at folkehelsearbeidet ikkje skal vere opp til kvar enkelt kommune. Da blir det fort forskjellar kommunar imellom avhengig av personalressursar og økonomi i den enkelte kommune. Det bør vere konkrete oppgåver som blir lagt til folkehelsearbeidet som ein har data og kunnskap om at det fungerer. Vi meiner det er betre samfunnsøkonomisk å ha konkrete malar på korleis ein skal betre folkehelsa i Norge, i staden for at kvar enkelt kommune skal prøve og feile. Det bør også ikkje vere for mykje prosjektbasert støtte for å oppnå god folkehelse. Folkehelsearbeidet må bli av ein slik art at det blir minst mogleg byråkrati. Dette er eit langsiktig arbeid som treng stabilitet og kontinuitet.

Fylkeskommunen skal understøtte arbeidet i kommunen, og må bli ein koordinerings- og kompetansemotor i folkehelsearbeidet. Det er heller ikkje mykje konkret her anna enn at det er påpeikt av fylkeskommunen må tenkje folkehelse i alle planverk og ansvarsområdet.

Oppland Senterparti – 17. januar 2011